



Statens vegvesen

Likelydande brev til:
Sjå vedlagte liste

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Elin Fjetland / 51911373

Vår referanse:
17/215452-61

Dykkar referanse:

Vår dato:
13.06.2018

Fylkes- og kommunal vegliste oktober 2018 – Hordaland fylke

Det er tid for oppdatering av vegliste for fylkes- og kommunale vegar, Hordaland 2018 (april).

Heimel til å fastsette veglister og unntak frå desse

Forskrift om bruk av køyretøy § 5-3 gir regionvegkontoret heimel til å fastsette veglister for fylkes og kommunale vegar.

Kapittel 5 i forskrift om bruk av køyretøy gir reglane for dei transportane som skal følgje veglistene som t.d. aksellaster, boggilaster, totalvekter, kva for høve det er for dispensasjonar for nokre typar transport osv.

Vegdirektoratet kan gjere unntak frå desse reglane når det er «særleg tungtvegande grunnar» jamfør § 6-2. Statens vegvesen Region øst, kan gjere unntak i eingongstilfelle når det er «særleg tungtvegande grunnar». Desse reglane nyttast vanlegvis ikkje for transport av gods som kan delast. Det er ikkje vanleg å gjere slike unntak.

Det gis ut veglister to gonger per år – om lag 1. april og 1. oktober. Gjer merksam på at det ikkje vil bli gitt ut fleire veglister, utan at det er særskilte årsaker til endringa.

Den einskilde kommune har ikkje heimel til å fastsette veglister eller til å gjere mellombels unntak fram til neste vegliste osv.

Innføring og oppheving av aksellastrestiksjonar på kommunale vegar i teleløysinga kan kommunen gjere. Det kan lagast ein oversikt over desse vegane, men den kan ikkje kallast vegliste (sjå vedlagte rettleiing/forklaringar).

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Bergelandsgata 30
4012 STAVANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Oppdatering av gjeldande vegliste

Vi minner om at veglista er ei forskrift som mellom anna gir grunnlag for kontroll av vekt og dimensjonar på køyretøy. Det er difor viktig at opplysningane er rette. Har de sjekka at naudsynt transport som til dømes skulebussar, renovasjonsbilar og transport inn til industriområder kan køyre lovleg på dei aktuelle kommunale vegane? Dei vil ofte trenge vegar i Bk10. Om vegane ikkje er gode nok til å stå i Bk10, kan til dømes renovasjonsbilane måtte bruke ein mindre komprimator. Bussar kan ofte ikkje komme ned i aksellast på grunn av universell utforming og med det motor bak i bussen.

Kommunen sine vegnummer (gatekode) og veglengde er påført alle vegstrekningar i veglista. Du finn rettleiing og forklaring til veglista som vedlegg til dette brevet. Eit Excel-ark du kan nytte til oppdatering er også lagt ved.

Vi ber om at de fører eventuelle endringar i høgre del av Excel-arket (som nå er delt inn i normaltransport, tømmertransport og spesialtransport). Det vil då gå tydeleg fram både i venstre og høgre del av arket kvar de har gjort endringar.

Endring av bruksklasse og vogntoglengde opp til 19,50 m gjeld for alle tre veglistene (normal, spesial og tømmer). Endring av veggruppe gjeld berre vegliste for spesialtransport. Viss det er vegar som kan tillatast for 24/60 tømmervogntog, gjer ein endringar i veglista for tømmer. Når det gjeld vegar som kan opnast for 12/65 mobilkran og 12/100 vegnett, skriv ein inn vegstrekning/gatenamn i dei aktuelle listene.

Strekningar som tidlegare har vore plassert i gruppa «andre vegar», og som de no definerer med andre verdiar enn dei «andre vegane», kan de føra inn sist i regnearket under den type transport det gjeld. Dette vil vere til hjelp for oss når vi skal oppdatere verdiane som ligg i Nasjonal vegdatabank (NVDB). Vedlegga sender du berre elektronisk.

Det er strenge reglar for tryggleiken på jernbana. De må kontakte Jernbaneverket om de vurderer å tillate større totalengde eller totalvekt på veg over jernbaneplanovergang. Før eventuelle endringar, må Jernbaneverket vurdere om auka vekt eller dimensjon vil medføre auka risiko som er uakseptabel. Vurderinga frå Jernbaneverket må følgje med svaret dykkar på dette brevet.

Vi ber dykk særleg om å vurdere vegar som kan tillatast for tømmervogntog 24/60 tømmervogntog, 12/65 mobilkran og 12/100 vegnett. For info/forklaring om nemnde vegnett, kan det tas kontakt med Arild Aasen tlf. 907 07 125.

Nye lister gjeld frå oktober 2018.

Vi gjer merksam på at endringar i det kommunale vegnettet, som til dømes omklassifisering til privat veg eller nedlegging av kommunal veg, skal sendast til Statens kartverk. Dei oppdaterer kartgrunnet som vi bruker i vår registrering.

Vi treng tid til å oppdatere NVDB og til å publisere på vegvesen.no. Vi ber derfor om følgjande:

Endringar til veglistene må vera sendt Statens vegvesen **innan 3. september 2018**.

Tilbakemeldinga dykkar ser vi på som vedtak om endra klassifisering av kommunale vegar. Vi ber dykk svare på dette brevet sjølv om kommunen ikkje har endringar i vegnettet.

Dersom de har spørsmål eller kommentarar, kan de stille desse til Elin Fjetland, tlf. 51 91 13 73 eller på e-post til elin.fjetland@vegvesen.no

Med helsing
Ferje- og forvaltningsseksjonen

Hjalmar Olseth
Seksjonssjef

Elin Fjetland

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Vedlegg: 2

Likelydande brev sendt til

Askøy kommune, Postboks 323, 5323 KLEPPESTØ
Austevoll kommune, Kommunehuset, 5392 STOREBØ
Austrheim kommune, Sætre marka 2, 5943 AUSTRHEIM
Bergen kommune – Bymiljøetaten, Pb. 7700, 5020 BERGEN
Bømlo kommune, Kommunehuset, 5430 BREMNES
Eidfjord kommune, Simadalsveien 1, 5783 EIDFJORD
Etne kommune, Sjoarvegen 2, 5590 ETNE
Fedje kommune, Kommunehuset, 5947 FEDJE
Fitjar kommune, Postboks 83, 5418 FITJAR
Fjell kommune, Postboks 184, 5342 STRAUME
Fusa kommune, Postboks 24, 5649 EIKELANDSOSEN
Granvin herad, Postboks 13, 5733 GRANVIN
Jondal kommune, 5627 JONDAL
Kvam kommune,
Kvinnherad kommune, 5470 ROSENDAL
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ
Masfjorden kommune, Postboks 23, 5981 MASFJORDNES
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG
Modalen kommune, Postboks 44, 5729 MODALEN
Odda kommune, Opheimsgata 31, 5750 ODDA
Os kommune i Hordaland, Pb. 84, 5202 OS
Osterøy kommune, 5282 LONEVÅG
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER
Samnanger kommune, Tyssevegen 217, 5650 TYSSE
Stord kommune, Postboks 304, 5402 STORD
Sund kommune, Postboks 23, 5371 SKOGSVÅG
Sveio kommune, Postboks 40, 5559 SVEIO
Tysnes kommune, Rådhuset, 5685 UGGDAL
Ullensvang herad, Sandvikevegen 11, 5780 KINSARVIK
Ulvik herad, Skeiesvegen 5, 5730 ULVIK
Vaksdal kommune, Konsul Jepsensgate 16 , 5722 DALEKVAM
Voss kommune, Postboks 145, 5701 VOSS
Øygarden kommune, Ternholmvegen 2, 5337 RONG